

ÅRSMELDING

FONNES BYGDELAG 2015

Styret har i perioden 2015-2016 bestått av følgjande medlemmer:

Øystein Austrheim	Leiar
Tore Myklebusthaug	Kasserar
Venke H. Fonnes	Referent
Jannicke Nyheim	Styremedlem
Arild Tresvik	Styremedlem
Jan Kåre Myklebust	Styremedlem
Stian Fonnes Vikebø	Styremedlem
Revisor:	Kristin Nesbø, Vivian Lundal
Valnemnd:	Morten Sognnes, Marianne Gullaksen, Stian Fonnes

Følgjande møter er gjennomført i 2015:

6 styremøter der et møte var fellesmøte med gruppene

5 møter med Austrheim Kommune (2 Årvikane, 1 områdeplan, 2 søknad Gjensidigestiftelsen)

2 statusmøter med Fylkesmannen, Innovasjon Norge og Austrheim Kommune vedr. LivOgLyst

Bygdelaget er organisert i 4 arbeidsgrupper:

- Årvikaneprosjektet og turstier
- Fonnesdagen
- Sosiale aktiviteter
- Fonnesvågen

Saker som styret har behandla i løpet av året:

- Årvikaneprosjektet og turstier
- Fonnesdagen
- Områdeplan for Fonnesvågen
- Liv og Lyst prosjektet
- Søknad til Gjensidigestiftelsen
- Klager på industristøy
- Diverse innkjøp

Årvikaneprosjektet og turstier:

Det blei planlagt med 2 faste dugnadsdager kvar veke frå påske 2015 til opninga 13.juni 2015.

Mykje arbeid blei utført på kort tid: rydda strand, laga sti, ferdigstille vei, bygge gapahuk, utvida teltplassen, la att grøft, lagt skjelsand på stranda og grusa parkeringsplass. BOF (Bergen og Omland Friluftsråd) har ansvar for vedlikehald av toalettbygget, plenslått og strandrydding. Austrheim kommune har ansvar for veien fram til parkeringsplass og vedlikehald av veien til Årvikane og snuplassen. Bygdelaget vil samarbeida om vedlikehaldet og delta i arbeidet ved behov.

Dette har vært et godt gjennomført prosjekt. Hadde det ikkje vært for den flotte dugnadsinnsatsen, hadde vi ikke fått et slike fint område. Styret vil også gi honnør til eigar av området som har gjort ein stor jobb vedr. organisering av dugnaden, samt sjølv stilt opp 2 dager kvar veke frå påske 2015 til opninga 13.juni.

Opninga 13.juni blei ein flott dag der alle i bygda var invitert til å delta saman med representantar frå BOF og Austrheim kommune. Der var fleire musikalske innslag og fine talar. Austrheim ungdomsklubb stod for ulike vann-aktivitetar og der var mulighet for å prøva kiting. Bygdelaget stod for sal av suppe, hot-dog, kaffi og kake. Det var også tilrettelagt for grilling for dei som ønskte det.

Årvikane har allereie blitt eit populært område for skular, barnehagar, lag og organisasjoner og ikkje minst for bygdefolket. Havsportveka hadde i år HavCamp for ungdommar der, og dette var så vellykka at dei vil fortsetja med det i 2016.

Austrheim Folkebibliotek la også til rette for sommertilbaketek i Årvikane. Bøker blei plassert ut og utlån/inndelevering stod ein for sjølv.

Årvikane blei av Fylkeskommunen tildelt prisen som det mest attraktive friluftsområdet i Hordaland. Prisen vart delt med Herdla. Heder og omtale og kr 15000,- til laget.

Fonnesdagen

For første gang blei Fonnesdagen arrangert over 3 dagar, 14. - 16. August, Dagen før dajen, Fonnesdagen og Dajen derpå.

Dagen før dajen hadde visekveld med Olav Stedje og Nakkasleng. Åpen bar fra kl.18.00 til 23.30. Veldig positivt arrangement og mange gode tilbakemeldingar. Solgte ca. 250 billettar.

Fonnesdagen blei arrangert som tidlegare, men med nokre justeringar. Ei barnegruppe frå Kaland Barnehage opna med flott sang. Ellers på scena var Nakkasleng, Shantykoret «Navy Vocalis» og Trekkspelklubben. Knut Risnes var konferansier. Nytt av året og svært populært var rokonkurranse. Svært bra oppmøte.

Dajen derpå var det Familiedag i Årvikane. Havsportaktivitetar for heile familien, mulighet for grilling. Fonnesdagen blei avslutta med friluftsgudsteneste i Årvikane. Flott arrangement, men kunne vært bedre deltaking.

Samla sett var Fonnesdagen over 3 dagar ein suksess og endringane har fått svært gode tilbakemeldingar. Totalt sett var oppmøte var svært godt, og dette er et opplegg ein vil satsa på vidare.

Sosiale aktivitetar

2015 har vært et år med mange aktivitetar.

Gruppa for sosiale aktivitetar var sterkt involvert i opninga av Årvikane 13.06.2015. Sjå eget punkt

Deretter kom St. Hans som i 2015 blei beslutta flytta til Årvikane. Det var sal av rømmegraut, saft og kaffi. Det var tilrettelagt for grilling for dei som ynskte det.

Quiz blei arrangert og laget hadde loddsal med fine gevinstar.

Dessverre ingen bålbrunning pga. vind.

Nyttårsafta var det fakkel tog fra molokaien til Årvikane. Bra oppmøte til tross for dårlig vær.

Avslutta med flott fyrverkeri.

Søknad til Gjensidigestiftelsen

I forbindelse med Årvikaneprosjektet har styret slutført rapport til Gjensidigestiftelsen.

Styret har sett på ulike punkt å jobbe videre med og som vi på nytt kunne søkje om støtte til fra Gjensidigestiftinga.

Det blei beslutta at laget skal jobba vidare med turstien frå Årvikane til Vardetangen. Det skal opparbeidas 2 aktivitetsområde med ulike apparat, samt ei 9-hulls freesbeegolf bane. Planen går over 3 år og har ei kostnadsramme på kr. 700 000,-.

Søknaden blei positivt mottatt av Gjensidigestiftelsen og vi har fått innvilga kr. 485000,- som var beløpet vi søkte om. Resten blir dekka av kommune, tippemidler og egenkapital.

Arbeidsperioden er april 2016 til april 2019.

Områdeplan:

Bygdelaget har vært med som en pådriver for å få områdeplanen ferdig behandla. Leiari i bygdelaget har blitt kontakta fleire gonger pga. støy ifbm. Industri. I den forbindelse utarbeida styret i samarbeid med teknisk etat, forslag til føresegner som gjeld Næringsområdet og hamneområdet som er ein del av områdeplanen for Fonnesvågen.

Planen er no godkjent av kommune og fylkesmann.

For bygda er det nyttig med ein områdeplan som kan gi utvikling av område som for eksempel hus- og naustmiljø, småbåthavn, infrastruktur, strand osv.

Liv og Lyst prosjektet:

Prosjektet styres og organiseres gjennom Fonnes Bygdelag. LivOgLyst prosjektet er ein del av Austrheim kommune sitt prosjekt «Austrheim heile livet» og Fonnes Bygdelag har samarbeid med kulturetaten i kommunen på enkelprosjekt og aktivitetar.

LivOgLyst prosjektet som er et 3 årig prosjekt (2014-2016) .

Fonnes Bygdelag har fått tildelt kr. 100 000,- frå fylkeskommunen i 2015 til LivOgLyst prosjektet.

Fonnes, 17.03.2016

Fonnes Bygdelag, Styret

Øystein Austrheim	Leiar
Tore Myklebusthaug	Kasserar
Venke H. Fonnes	Referent
Jannicke Nyheim	Styremedlem
Arild Tresvik	Styremedlem
Jan Kåre Myklebust	Styremedlem
Stian Fonnes Vikebø	Styremedlem

